

## UTVIKLINGSPLAN 2020-2021



*Din kunnskap – vår framtid*

**Kunnskap – Engasjement – Toleranse – Nysgjerrighet – Respekt**

**VÅR VISJON:** *Din kunnskap – vår framtid*

**VÅRE ETISKE VERDIAR:**

**Kunnskap**

Vi utvidar eigen kunnskap og skapar ny kunnskap saman.

**Engasjement**

Vi viser på ulike måtar at fag, skulen, kollegaer, elevlar, læringsresultat og samfunnet omkring oss er viktig for oss.

**Toleranse**

Vi er rause og inkluderande, og tåler andre sine meiningar og haldningar.

**Nysgjerrigheit**

Vi stiller spørsmål, undersøker, er kreative og leitar etter ny kunnskap.

**Respekt**

Vi anerkjenner kvarandre, og møter kvarandre som likeverdige.

**I mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane *Mot nye høgder* for 2018-2021** er hovudområda *leiing, fag- og yrkesopplæring* og *undervisning* sett som grunnlag for rammer, retning og verdigrunnlag for kvaliteten på opplæringa. **Vestland fylkeskommune** sin ny emål og strategiplan er under utarbeiding.

**RETNING FOR VÅR UTVIKLING:** Bygge ein kultur der det føregår kollektiv profesjonell læring, òg der undervisning- og vurderingspraksis i klasserommet er i kontinuerlig utvikling. Dette for å motivere og fremje elevane si læring i eit framtidretta perspektiv.

I utviklingsplanen vår jobbar vi vidare mot framtidsbildet vi utarbeidde under den eksterne skulevurderinga hausten 2016, jf. vedlegg.

**SATSINGSOMRÅDE:**

**Relasjonsbygging- med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid**

**DEI FIRE KVALITETSMÅLA:**

1. ELEVANE opplever skulekvardagen trygg og støttande både psykososialt og fagleg
2. LÆRARANE fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjonar
3. FORELDRA er ein positiv ressurs i skulearbeidet
4. LEIINGA utøver ei strukturell støtte som fremjar relasjonsbygging og kompetanseheving

## RELASJONSBYGGING

Jan Spurkeland (2015) har saman med psykologiekspertar ved psykologisk fakultet ved UiB komme fram til at relasjonskompetanse omfattar «*Ferdigheter, evner, kunnskaper og holdninger som etablerer, utvikler, vedlikeholder og reparerer relasjoner mellom mennesker*».

## PROFESJONSUTVIKLING OG KOLLEKTIV LÆRING

Det sosiokulturelle læringsperspektivet legg vekt på at kunnskap blir konstruert gjennom samhandling og interaksjon og at samhandling er grunnleggande for læring (Vygotsky,1981,2000)(Dysthe, 2001).

Senge (1999), som Knut Roald ofte refererer til, viser til at *teamlæring* handlar om å lære å lære i eit sosialt fellesskap, samt evne til å delta i kollektive læringsprosessar der ein er samkøyrd i felles retning.

<b>Relasjonsbygging- med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid</b>	
<b>HOVUDOMRÅDE</b>	<b>TILTAK</b>
<b>Leiinga</b> - nyttar utviklingsarbeid til å setje tydeleg retning for skulen - tek aktivt i bruk og leiar nettverk, kollektive/lærande prosessar og erfaringsdeling som gjennomgåande arbeidsmetode  <b>Undervisning /Fag- og yrkesopplæring</b> - Elevar og lærarar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa tilpassa, variert og relevant.	1. Jobbe for å utvikle gode relasjonar til både elevar og kollega med fokus på inkludering , trivsel og motivasjon, for samarbeid og læring. - inkludering , trivsel og klassemiljø skal vere gjennomgåande tema i basistimane og klasselærarråda - engasjere tillitselevane og elevråd i skulemiljø
	2. Bidra til å utvikle sterkare Vi-kjensle i skulen - felles eigarskap/ansvar for aktiviteten i og rundt skulen - (skape rom for og) bidra til felles opplevingar og ansvar
	3. Bidra til at dei ulike <u>samarbeidsmøta</u> blir <i>effektive og utviklande møte</i> , etter mal frå Knut Roald òg mandat for fagseksjonsleiar. - innkalling, møteleiing, referat/oppsummering - reflekterande dialog med mål om å forbetre praksis
	4. Gjennomgåande tema på dei ulike <u>samarbeidsmøta</u> : Kritisk refleksjon omkring undervisnings- og vurderingspraksis med fokus på å auke elevane sitt læringsutbytte òg motivasjon - korleis gjere undervisning meir varierende og praktisk retta - (implementere fagfornyinga i faga (overordna del – fagspesifikk del) - fokus på djupne- og tverrfagleg læring - fokus på inkluderande læring - redusere «prøve-stress» i faga
	5. Nytte den årlege utviklingsamtalen som verktøy for fokus på personleg utvikling i tråd med utviklingsplanen. Sette personleg mål og tiltak.

## Vedlegg

FRAMTIDSBILDE – forma ved den eksterne skulevurderinga hausten 2016:

<b>Relasjonsbygging – med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid</b>	
<b>KVALITETSMÅL</b>	
<b>ELEVANE</b> opplever skulekvardagen <u>trygg og støttande</u> både psykososialt og fagleg	Alle elevane <ul style="list-style-type: none"><li>• har minst ein ven dei kjenner seg trygge på</li><li>• blir sett av læraren</li><li>• opplever positive forventningar i eit læringsmiljø som er opent, variert og rettleiande</li><li>• viser fagleg mot, sosial tryggleik og kan samarbeide med alle</li><li>• opplever både meistring og fagleg utfordringar</li></ul>
<b>LÆRARANE</b> fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjonar	Lærarane <ul style="list-style-type: none"><li>• viser at dei bryr seg om kvar einskild elev</li><li>• har positive forventningar til eleven og støttar han til framgang</li><li>• arbeider <i>aktivt for/syter for/legg vekt på</i> elevmedverknad i undervisninga</li><li>• er fagleg dyktige og engasjerte i eleven si læring</li><li>• deler undervisningsopplegg, samarbeider på tvers av fag og støttar kvarandre</li></ul>
<b>FORELDRA</b> er ein positiv ressurs i skulearbeidet	Foreldra <ul style="list-style-type: none"><li>• møter på foreldremøte og konferansetimar</li><li>• kjenner skulen sine informasjonskanalar</li><li>• har låg terskel for å ta kontakt med skulen</li><li>• opplever at skulen har gode rutinar for varsling</li><li>• kjenner skulen sine forventningar til seg som omdømebyggerar</li></ul>
<b>LEIINGA</b> utøver ei strukturell støtte som fremjar relasjonsbygging og kompetanseheving	Leiinga <ul style="list-style-type: none"><li>• er synleg for alle</li><li>• har struktur på pedagogisk refleksjon og kompetansedeling/heving</li><li>• er aktive i det pedagogiske arbeidet og medverkar til gjensidig forståing</li><li>• arbeider aktivt med elevdemokratiet</li><li>• gjennomfører utviklingssamtalar</li></ul>